



## Møtereferat

### Bømlo Sokneråd

---

<b>Stad:</b>	Bømlo kyrkje	Dato: 15.01.24
<b>Frammøtte:</b>	Rolf Magne Skipervik, Svanhild Vespestad, Trygve Totland, Anja Beate Skallerud, Laila Bauge og Halldis Kristin Hovland	
Forfall: Laila Hansen Røksund, Odd Ingvar Nilssen, Dagnor Engenes		
<b>Referent:</b>	Anja-Beate Skallerud	

---

### Saksliste:

**Sak 01 – 01 - 2025**      **Godkjenning av sakliste og innkalling til møte**

Godkjend

**Sak 02 – 01 - 2025**      **Godkjenning av referat.**

Godkjend

**Sak 03 – 01 - 2025**      **Liste over tekstlesarar/kyrkjevertar/offer/kyrkjekaffi**

Lista over tekstlesarar vart gjennomgått. Enkelte byte vart avtala, dei det gjeld informerer kyrkjekontoret.

I spørsmålet om kyrkjekaffi i samband med årsmøtet ynskjer soknerådet heller å kombinere årsmøtet med ein temakveld ein vanleg vekedag i staden for i etterkant av ei gudsteneste. Vi vil då gjere unna årsmøtet først, deretter ein temakveld og avsluttar med enkel servering/kveldsomat. Førebels forslag til dato er tys 11.mars, og eit forslag til tema er "Humor i kyrkja" med tidlegare prost Svein Arne Theodorsen. Svanhild tek ansvar for å kontakte Theodorsen.

Trygve ordnar med byte sjølv dersom han er sett opp som kyrkjevert dei gongene han vikarierer for klokkar.

**Sak 04 – 01 - 2025**      **Kurs HLR**

Det er sendt ut mail med tidspunkt for kurs i HLR til alle frivillige (28 jan kl 09 på Rådhuset, 29 jan kl 19 i Bremnes kyrkje eller 30 jan kl 19 i Bømlo kyrkje). Individuell påmelding til kyrkjeverje. Varamedlemer i soknerådet hadde ikkje fått mail om dette, men er informert av soknerådet. Foreslått kostnad på kr 1000 for soknerådet er vedteke.

**Sak 05 – 01 – 2025**      **Økonomi**

Førebels forslag til budsjett for 2025 vart lagt fram av kasserer. Det vart vedteke å doble overføring til diakonlønn i forhold til tidlegare år slik fellesrådet ber om, dvs 30 000 kr i staden for 15 000 kr. Forslaget til budsjett blir lagt fram slik det står til avrøysting på neste soknerådsmøte.

**Sak 06 – 01 -2025      Fasteaksjonen 2025**

Leiar melder inn Odd Ingvar Nilssen som Bømlo sokn sin hovudkontakt for Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2025.

**Sak 07 – 01 -2025      50-årskonfirmantar**

Svanhild har kontakta kyrkjekontoret for å få ei liste over dei som vart konfirmerte i Bømlo sokn i 1975, og ventar førebels på å få den tilsendt. Svanhild får med seg 1-2 andre i soknerådet for å få sendt ut invitasjonane når lista kjem.

**Sak 08 – 01 -2025      Ymse**

-Rolf Magne orienterte kort om dugnad i og rundt kyrkja. Arbeidet er i gang. Til no har det blitt greve rundt grusgangar for å renske dei, og tepper og løper inne i kyrkja er reparert. Vidare skal arbeidet med grusgangane halde fram, vindauge må vaskast og isolasjon over kjøkenet leggast på plass att. Det nye toalettet/stellerommet manglar avtrekk, så dette må også ordnast.

-Kyrkjeverja har hatt vanskar med å få ta i vikar for reinhaldar. Halldis undersøker blant sine kontaktar om der er nokon som ta på seg oppgåva.

-Soknerådet ynskjer å ta opp til vurdering om vi skal halde fram med å dele ut blomar til 80-, 90- og 100-åringar. Det blir sett opp som sak på neste soknerådsmøte.

-Estlandskomiteen v/Aksel Lygre og 1-2 komitemedlemmer kjem på soknerådsmøtet 12.feb for å orientere soknerådet om arbeidet i komiteen. Svanhild tek ansvar for litt ekstra servering i samband med besøket.

-Brannøving og kontroll av branngangar er under planlegging.

-Soknerådet etterlyser godkjenning av ombygginga av litlesalen. Vi har ikkje papir på at det ferdige resultatet er godkjend.

-Det er ynskje om å gjere meir ut av det musikalske arbeidet i kyrkja og må setjast opp som sak, der det m.a. bør diskuterast om vi bør få i gang ei meir aktiv kyrkjemusikalsk gruppe/utval.

-Info om "Bønn og lovsangsveke" 24.-29.sept 2025 som er eit felles arrangement for fleire kyrkjelydar/fellesskap på Bømlo, m.a. DNK.

- Rolf Magne ordnar innkjøp av nytt toalettsete til toalettet ved gravplassen. Soknerådet legg førebels ut for kostnaden.

-Soknerådet ynskjer at leiar sender referat frå samarbeidsmøta mellom kyrkjeverja og soknerådsleiarane/nestleiarane til resten av soknerådsmedlemmene.

-Neste fellessamling for tilsette og alle sokneråda vert også i Bømlo kyrkje 13.mars.